Suldal kommune

Handlingsplan for bruk av partnarskapsmidla 2022

| | Inntekter: | Utgifter: |
|---|---|---|
| Stimuleringsmidlar frå Rogaland fylkeskommune | Kr. 104.000 | |
| Eigeninnsats: | Kr. 104.000 | |
| SUM: | Kr. 208.000 | Kr. 208.000 |

| Utfordring: | Tiltak: | Mål: | Forankring: | Tidspunkt: | Evaluering: | Utgifter: | Ansvar: |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Aukande tal barn i låginntekts- familiar | Tilby «Opplevelses-kortet» til born som lev i familiar med låg inntekt. | Utjamne sosiale ulikheiter og hindre at born i låginntekstfamiliar ikkje kan delta i fritidsaktivitetar grunna økonomien til deira føresette. | Oversikts-dokument folkehelse 2019 – statistikk frå SSB | Heile året | Resultat-evaluering – kor mange kort er delt ut, kor mange besøk ved kino og bad | Kr. 20.000 | Kultur/NAV |
| Aukanda grad av barn og unge som ønskjer tilbod innan | Oppretta e-sport-tilbod. Innkjøp av | -Styrka tilbod til unge som ikkje finn seg til rette i eksisterande | HP: 4.3.2 Tenkja nytt i forhold til | Vinterferie (dersom det lar seg | Resultat og effekt: | 30.000 | Kulturhuset i Suldal, |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| e-sport og som ikkje deltek i andre former for organisert aktivitet | utstyr og leige av instruktørar | organiserte tilbod, og<br>-gi eit tilbod som kan samla unge på tvers av grender, alder, interesser<br>-Samarbeida på nye arenaer og i nye konstellasjonar (kulturhus, bad og idrett, idrettslag, evt andre lag, unge «gamarar» m fl) | samarbeid, aktivitetar, brukargrupper og kundar med fokus på brukar-perspektivet og etterspurnad<br>HP: 4.3.3 Utvikla gode arenaer, møteplassar og nettverk ved å styrka dei eksisterande som fungerer godt og tilrettelegga for nye i tråd med endrande behov. | gjennom-føra utan for store restriksjonar)<br>Målet er faste aktivitets-kveldar etter kvart | -kor mange blir med?<br>-lar det seg etablera som eit fast tilbod? | | Suldal bad og idrett og IL Sand: |
| Behov for meir fysisk aktivitet for bebuarar ved Suldal bu- og aktivitetstiltak. | Innkjøp av tandemsykkel med hjelpemotor | Førebyggje funksjonsfall og gi gode opplevingar. Ein får brukt kroppen på ein ny måte og ein får «sett verda frå ein ny vinkel», samt kjenne på meistring. | HP:<br>4.1.2 Leggja til rette for at det einskilde individ finn fram til gode tiltak som fremjar eiga helse, restarbeidsevne og meistring.<br>4.2.4 Styrka førebyggingsarbeidet innan alle fagområde | Heile året | Kor mykje er den i bruk?<br>Auke i livskvalitet for brukarane. | 70.000 | Suldal bu- og aktivitetstiltak |
| Marvik skule er ein liten fådelt skule. | Marvik skule ønsker å legga til rette for | Me ser at friminuttet kan vera ein utrygg | -Strategi for inkluderande | Gjennom skuleåret | Effektevaluering samt ein kort | Kr. 20.000 | Marvik skule |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Det vesle miljøet byr på fleire beskyttelsesfaktorar, men kan også by på utfordringar når nokon føler seg utanfor. Det er ikkje eit større miljø å søkja seg til, og me må med det som ein rammefaktor jobba litt annleis med inkludering på vår skule. | ein skulehage med mål om å fremja samarbeid mellom elevar og aldrar, og som kan vera ein trygg arena der alle har ein plass og ei oppgåve. | arena om ein ikkje finn sin plass i elevgruppa, og me meiner dette vil fremja aktivitet, lærelyst, og å vera ein stad der alle har ei rolle og ein oppgåve i det store fellesskapet – der alle høyrer til. Nokon må ta ansvar for å bygga skulehagen, andre må vatna det som som skal gro. Nokon må søkja kunnskap og ulike vekstar osv… | fellesskap i barnehage og skule (suldal.kommune.no)<br>-§ 9-A i opplæringslova Elevane sitt skulemiljø<br>-Alle skulane skal miljøfyrtårnsertifiserast våren 2022 | | skriftleg rapport om erfaringane frå pilotprosjektet som andre skular skal få.<br>Evaluerast gjennom svar i elevundersøkinga og fortløpande dialog med elevane. | | |
| Auka grad av fordommar, rasisme og hat | Skulen ønskjer å søkja om deltaking/støtte gjennom Dembra (dembra.no ) og organisasjonen MOT. Sjølve deltakinga gjennom Dembra er gratis (finansiert av Kunnskapsdepartementet), men eit kompetanseløft vil likevel kosta som f eks å få ressurspersonar til å | Skulen ønskjer eit kompetanseløft for skulen sine tilsette og «landsbyen» rundt for å kunne byggja demokratisk beredskap og førebygging av fordommar, utanforskap og rasisme.<br>Eks: Kva kan skulen gjera for å førebyggja fordommar, rasisme og hat? | -Strategi for inkluderande fellesskap i barnehage og skule<br>-§ 9-A i opplæringslova, Elevane sitt skulemiljø<br>-Læreplanverket for kunnskapsløftet LK-20, Overordna del-Verdiar og prinsipp for grunnopplæringa: | Gjennom skuleåret | Evaluerast gjennom svar i elevundersøkinga. | Kr 40.000 | Sand skule |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | vera deltakande på skulen, føredragshaldar for landsbyen kring skulen etc | Korleis arbeida med språk, bruk av skjellsord og hatprat? Korleis kan skulen jobba med kritisk tenking og demokratisk kompetanse? Korleis førebyggja polarisering, radikalisering og konspirasjonsteoriar? | -Menneskeverd og identitet og kulturelt mangfald som verdigrunnlag<br>-Tre tverrfaglege tema: 1. Folkehelse og livsmeistring, 2. Demokrati og medborgarskap, 3. Berekraftig utvikling<br>-Kommuneplan s. 31 Kunnskapssamfunnet: *Inkludering av alle typar menneske og fokus på eit mangfaldig samfunn er viktige kjerneverdiar som må ligge i botn for alt.* | | | | |
| Det er behov for brukarinvolvering i samband med gjennomføringa av reforma «Leve hele livet» | Gjennomføre workshop med fokus på kva tiltak ein kan setje i verk i Suldal kommune for å gjennomføra tiltak i | Det er vedteke at brukarmedverknad skal vera sentralt i arbeidet med reforma i Suldal. For å nå dette målet vert det | Vedtak i kommunestyret i sak 094/21: Dokument 21/14847 - "Leve hele livet" - forankring av | Mål om å gjennomføra a workshop innan sommaren. Pandemien | Effekt- og resultat-evaluering | Kr. 15.000 | Rådgjevar helse og velferd, Eldrerådet, Frivilligsentralen |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | tråd med eldrereforma. | sett av midlar til å gjennomføra prosessar saman med målgruppa slik at deira meiningar og forslag kjem fram | kvalitetsreformen i Suldal kommune - Suldal kommune (onacos.no)<br>HP: 4.2.2.1 Gjennomføring av reforma "Leve hele livet" både på system- og brukarnivå. | vil leggja føringar. Arbeidet med reforma vil gå gjennom heile året | | | |
| Behov for tilbod til ungdom som ikkje deltek på organiserte fritidsaktivitetar | Oppretta «Ope hus» etter skuletid. Tilskot til utstyr og sunn mat | Skapa trygge møteplassar, og eit sosialt møtepunkt for ungdomsskuleelevar;<br>-for å blir betre kjente på tvers av klassar og grender<br>-plass å vera i påvente av andre fritidsaktivitetar | HP: 4.3.3<br>Utvikla gode arenaer, møteplassar og nettverk ved å styrka dei eksisterande som fungerer godt og tilrettelegga for nye i tråd med endrande behov. | Faste dagar gjennom skuleåret | Resultat:<br>-kor mange og kven brukar?<br><br>Tilbodet vil blir evaluert og justert undervegs | Kr. 13.000 | Frivilligsentralen |
| Totalt: | | | | | | Kr: 208.000 | |